



MØTEINNKALLING

Utval: Administrasjonsutvalet
Møtedato: 22.10.2013
Møtetid: 13:00 -
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/13	13/577	Faste saker	
002/13	13/524	Leasingbilar i pleie og omsorg - spørsmål om firehjulstrekk	
003/13	10/443	Kompensasjon for bruk av privatbil i tenesta - eventuell regulering av satsar	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 13/577	Løpenr: 13/5442
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	22.10.2013	001/13	MS

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Godkjenning av protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-651, TI-&53
Arkivsaksnr: 13/524	Løpenr: 13/4953
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	22.10.2013	002/13	JEB

LEASINGBILAR I PLEIE OG OMSORG - SPØRSMÅL OM FIREHJULSTREKK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Energi- og klimaplan for Samnanger kommune

Kva saka gjeld:

Eining for pleie og omsorg har i dag 9 leasingbilar som primært vert brukte i heimetenestene og i psykiatritenesta. Alle bilane har firehjulstrekk.

I 2010 inngjekk kommunen 3-årig rammeavtale med firmaet Autolease om levering av leasingbilar til pleie og omsorg. Rammeavtalen går ut i januar 2014, Det må derfor inngåast ny rammeavtale som skal gjelda frå februar 2014. Kommunen skal hausten 2013 gjennomføra anbodskonkurransen på ny rammeavtale for perioden 2014 – 2017. I anbodskonkurransen har me bedt om tilbod på både bensin-, diesel- og el-bilar. Me vil då ha moglegheit til å leasa alle desse biltypane i perioden 2014 – 2017.

7 av bilane i eining for pleie og omsorg skal skiftast ut i mars 2014. Dei tilsette, representert ved verneombodet og plasstillitsvald for Fagforbundet, har i samband med dette gitt klart uttrykk for at dei meiner det er viktig at alle dei nye bilane har firehjulstrekk. Erfaringa deira er at det om vinteren er vanskeleg å setja opp køyreruter for bilar utan firehjulstrekk.

I kommunen sin Energi- og klimaplan, som vart vedteken av kommunestyret i 2010, er det bestemt (i pkt. 4.1.8) at el-bilar skal vurderast ved ny leasingavtale for kommunen.

Kommuneadministrasjonen oppfattar det slik at kommunestyret meiner at det skal "gode grunnar til" for at pleie og omsorg ikkje skal leasa/kjøpa inn minst ein el-bil i 2014.

Kommunen har i dag ingen el-bilar, verken i pleie og omsorg eller i andre einingar.

Så langt kommuneadministrasjonen kjenner til, vert det i dag ikkje produsert/levert el-bilar med firehjulstrekk. Det må derfor avklarast om det i valet av nye bilar i 2014 skal leggjast mest vekt på dei tilsette sitt ønskje om firehjulstrekk på alle bilar, eller på "miljø- og klimaomsyn".

I første omgang må det innan årsskiftet takast avgjerd knytt til bilane som skal leasast i mars 2014, d.v.s. om nokre av desse skal vera el-bilar. Saka vert lagt fram for drøfting i administrasjonsutvalet 22.10.2013.

Vurderingar og konsekvensar:

Dei siste åra har alle leasingbilane i heimetenestene og psykiatritenesta hatt firehjulstrekk. Tidleg på 2000-talet hadde eining for pleie og omsorg både bilar med firehjulstrekk og bilar med tohjulstrekk. Erfaringane frå denne perioden var at det lett oppsto konflikhtar og misnøye fordi alle tilsette ville bruka dei firehjulsdrivne bilane om vinteren. Einingsleiar er bekymra for at dette vil skje igjen dersom eininga i 2014 på nytt får nokre bilar utan firehjulstrekk.

Det er heilt sikkert mogleg å leggja opp køyreruter der det i dei fleste tilfelle ikkje vil vera behov for firehjulstrekk, men dette vil i følgje eininga medføra både ekstra "administrasjon" og mindre fleksibilitet enn i dag.

Det kan nok også hevdast at firehjulstrekk i mange tilfelle mest er ein "psykologisk tryggleik", og at ein i dei fleste tilfelle vil klara seg godt med tohjulstrekk også om vinteren.

Pleie- og omsorgsleiar og verneombodet i eining for pleie og omsorg vil vera til stades på møtet i administrasjonsutvalet under behandlinga av denne saka. Dei vil då orientera om eininga sitt syn og vera tilgjengelege for spørsmål frå utvalet.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-541
Arkivsaksnr: 10/443	Løpenr: 13/5402
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	22.10.2013	003/13	JEB

KOMPENSASJON FOR BRUK AV PRIVATBIL I TENESTA - EVENTUELL REGULERING AV SATSAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Satsane for kompensasjon til tilsette i Samnanger kommune som må bruka privatbil i tenesta, ref. vedtak i administrasjonsutvalet 24.10.2010 i sak 011/10, vert frå 01.11.2013 endra til:

- 7074 kroner for tilsette som har mellom 500 og 1500 km tenestekøyring pr. år.
- 11200 kroner for tilsette som har meir enn 1500 km tenestekøyring pr. år.

Etter 01.11.2013 skal satsane regulerast automatisk når det vert gjort endringar i maksimumssatsen i § 4 i sentral særavtale SGS 1001 (Reiseregulativet).

Dokument som ikkje er vedlagt:

Særavtale SGS 1001

Kva saka gjeld:

Administrasjonsutvalet vedtok 25.10.2010 reglar om kompensasjon for bruk av privatbil i tenesta for tilsette i Samnanger kommune. Reglane gjeld for tilsette som må bruka privatbil i arbeidet minst 3 dagar pr. veke. Kompensasjonen pr. år er som følgjer:

- 6000 kroner for tilsette som har mellom 500 og 1500 km tenestekøyring pr. år.
- 9500 kroner for tilsette som har meir enn 1500 km tenestekøyring pr. år.

Satsane for kompensasjon til tilsette i Samnanger kommune som vart vedtekne i 2010, gjeld framleis. Grunnlaget for satsane var maksimumssatsen for slik kompensasjon i kommunal sentral særavtale SGS 1001 (Reiseregulativet); 9500 kroner pr. år.

7 av 8

Maksimumssatsen i SGS 1001 har vorte regulert fleire gongar etter 2010 og er i dag på 11200 kroner. Satsen på 11200 kroner gjeld frå 01.01.2013.

Kommuneadministrasjonen har fått spørsmål frå fleire einingar om regulering av satsane for tilsette i Samnanger kommune. Spørsmålet vert no lagt fram for administrasjonsutvalet for avgjerd.

Det er i dag 7 tilsette i kommunen som er omfatta av ordninga. Alle desse får utbetalt godtgjersle på 9500 kroner pr. år. Dette gjeld følgjande tilsette:

- Kenth P. Opheim (teknisk eining)
- Endre Kulleseid (teknisk eining)
- Knut Hellevik (teknisk eining)
- Sven Tore Kulleseid (teknisk eining)
- Thore Austnes (sosial- og helseeining)
- Eva Lysen (sosial- og helseeining)
- Åse Waage Tveit (sosial- og helseeining)

Det er opp til kommunen sjølv å bestemma kva ordning og satsar me skal ha i Samnanger. Det går fram av § 4 i SGS 1001 at "slik kompensasjon godtgjøres med inntil kr. 11200 pr. år".

Vurderingar og konsekvensar:

Kommuneadministrasjonen si vurdering er at satsane for kompensasjon for bruk av privatbil i tenesta bør endrast med verknad frå 01.11.2013.

I tillegg bør det administrasjonsutvalet avklara kva ordning kommunen skal ha for framtidig regulering av satsane. Det er to hovudalternativ for dette:

1. Satsane vert vurdert av Samnanger kommune (av administrasjonsutvalet eller rådmannen), til dømes ein gong i året.
2. Satsane vert regulert automatisk når det vert gjort endringar i maksimumsbeløpet i § 4 i særavtale SGS 1001.

Fordelar og ulemper med alternativ 1 (kommunen vurderer/regulerer satsane sjølv)

Fordelen med ei slik ordning er at kommunen sjølv styrer når satsane skal endrast og dermed også i stor grad styrer kor store utgifter me får. Ei ulempe er at det kan føra til misnøye hos tilsette dersom satsane i Samnanger ikkje vert regulert i takt med endringar i maksimumsbeløpet i særavtale SGS 101.

Fordelar og ulemper med alternativ 2 (automatisk regulering)

Fordelen med ei slik ordning er at den er lett å administrera for kommunen. På ein del andre område har me lokale ordningar der satsane vert regulert automatisk når sats(ar) i sentralt regel- eller avtaleverk vert endra. Med ei slik ordning unngår me misnøye (hos tilsette) knytt til at satsane i Samnanger vert "hengande etter" satsen i SGS 1001. Ulempa er at kommunen seier frå seg styringa med endringar av satsane og kostnadsauke som følgje av dette.

Kostnader

Kostnaden for kommunen ved å auka kompensasjonen til 11200 kroner pr. år vil vera om lag 13000 kroner. Denne kostnaden må i utgangspunktet dekkast av einingane sjølve.

Samnanger i forhold til andre kommunar

Det er ikkje slik at alle kommunar har ordning med økonomisk kompensasjon til tilsette som må bruka privatbil i tenesta. Kommunar som ikkje har slik ordning kan i "verste fall" risikera at ein del

tilsette nektar å bruka privatbil i tenesta (dersom dei ikkje er forplikta til dette gjennom utlysingstekst/arbeidsavtale).

Samla vurdering

Kommuneadministrasjonen meiner at satsane i Samnanger bør aukast frå 01.11.2013, i samsvar med endringane i maksimumssatsen i særavtale SGS 1001 i perioden 2010 - 2013. Vidare bør reglane i Samnanger endrast slik at satsane for kompensasjon skal regulerast automatisk når maksimumssatsen i særavtale SGS 1001 vert endra.